



Notat

Dato: 24.11.2015
Arkivsak: 2015/10391-3
Saksbehandlar: birhau

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål til revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling

Fylkesrådmannen viser til møte i fylkesutvalet 19.11.15, sak 287/15, der Tom-Christer Nilsen stilte slikt spørsmål:

"Er bestemmelsen om fortrinnsrett for elever som har gått ved en skole tidligere år i tråd med opplæringslovens regler om inntak?"

Opplæringslova har ingen regler om inntak til vidaregåande opplæring. I § 3-1 åttande ledd viser lova til at departementet fastset forskrifter om inntak.

«§ 3-1 åttande ledd *Departementet gir forskrifter om inntak.*»

I Forskrift til opplæringslova er inntak regulert i kapittel 6. Fylkeskommunane har ansvar for å fastsetje utfyllande regler for inntaket. Jf. § 6-2 i forskrifta:

«§ 6-2. *Lokal forskrift om inntak*

Fylkeskommunen skal fastsetje lokal forskrift om inntak. Den lokale forskrifta skal innehalde regler om korleis inntaket vil bli gjennomført, mellom anna inntaksområde, kva for utdanningsprogram eller programområde det er fastsett særskilde inntakskrav for, og korleis inntaket elles skal gjennomførast. Forskrifta kan også innehalde utfyllande føresegnar om formidling.

Den lokale forskrifta skal innehalde regler om inntak til landslinjer og dei statlege vidaregåande skulane, jf. § 6-12 og § 6-44.»

I den lokale inntaksforskrifta er det i § 5 fastsett inntakskrav til Vg3 studiespesialiserande.

«§ 5 *Inntak til Vg3 studiespesialiserande programområde.*

(1) Søkjar til Vg3 studiespesialiserande programområde har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom han/ho har kompetanse frå Vg2 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år, og at den skulen der han/ho har fullført Vg2 på er første prioritet.»

Lokal inntaksforskrift § 10 regulerer rangering av utvekslingselevar ved søknad til prioriterte skular. Alle elevar som har teke Vg2 i utlandet, har rett på ein plass i vidaregåande skule i Hordaland, men kriteria for rangering kan avgjere at ein elev ikkje får oppfylt førstevalet.

Fylkesrådmannen meiner at praksis for inntak til vidaregåande opplæring i Hordaland er i samsvar med føresegnene i Forskrift til opplæringslova.